



Kleivdal taksering  
Vassbygdvegen 199  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5161 - 16/1613

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
20.01.2016

## Ferdigattest bruksendring - gbnr 173/26 Rydland

### Administrativt vedtak. Saknr: 038/16

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søker har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.06.2015.

Det vert elles vist til søknad journalført 14.01.2016.

### Skildring

Bygningstiltak:	Bruksendring frå fritidsbustad til bustad
Bygningsnummer:	176262311

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bruksendring av fritidsbustad til bustadføremål på gnr. 173, bnr. 26.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5161

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kenneth Halvorsen

Vardesvingen 92D 5141

FYLLINGSDALEN

**Mottakarar:**  
Kleivdal taksering

Vassbygdvegen 5912  
199

SEIM